

Satsar friskt på fiskeri

Herøy-reiaren Stig Remøy går tilbake til røtene i fiskeria, og kjøper både ny og brukt trålar. – Eg likar å gå mot straumen, seier Remøy.

FISKERI. Stig Remøy har dei ti siste åra bygd opp Olympicgruppen. Offshore-reiarlaget er i sterk vekst, og fekk i fjor eit overskot på 320 millionar kroner. Men det er fiskeskipper han er, med 15 års erfaring i trålfiskeri. Olympic-reiarlaget driv framleis reketrålararen «Olympic Prawn», og eig forskingsskipet «Jan Mayen».

Bygger og kjøper. I går vart det kjent at Olympic-reiarlaget skal bygge ein ny og moderne trålar for 270 millionar kroner (sjå eiga sak). Men Stig Remøy har meir på gang. Etter det Sunnmørsposten kjenner til, er det og gjort avtale om å kjøpe den brukte trålararen «Nordøytrål».

– Eg kan stadfeste at eg har søkt ervervsløyve for «Nordøytrål», seier Remøy til Sunnmørsposten.

Det betyr at Olympic-reiarlaget har søkt Fiskeridirektoratet om å få ta over Haram-trålararen, med konsesjon for torsk og sei. I alt planlegg dermed Stig Remøy å investere rundt 400 millionar kroner i fiskeri, i ei tid då trålarflåten slit med økonomien.

– Du kan ikkje vere halvvegs inne i fiskerinæringa, og dette er inngangsbilletten. Vi går ofte motstraums, og det gjer vi denne gongen også, seier Stig Remøy.

Visjonar. Han har som mål å gjere nye «Olympic Prawn» til ein fiskebåt som

ingen har sett maken til. Remøy har lagt stor vekt på at den nye trålararen skal ha lågt drivstofforbruk, og ikkje minst: lågt utslepp av NOx. Ny reinseteknologi reduserer Nox-utsleppet med 95 prosent.

– Noreg er verdsleiande innanfor skipsteknologi. Viss ikkje vi kan løyse utsleppsproblema, kven skal då løyse dei? Det kjem ein ny økonomi. Den som ikkje blir med på den, vert ein dinosaur, seier Remøy engasjert.

Han vil og tenkje nytt når det gjeld å utnytte råstoffet frå havet. Korleis det skal gjerast, er forretningsløyndomar, men han røper at stikkordet er bioteknologi.

– Her har vi alt lagt ned eit stort utviklings- og forskingsarbeid. Det må kome nyskaping viss vi skal kome vidare. Innovasjonen må kome frå næringa sjølv, og vi skal vere med på å fylle ut noko som manglar, seier han, og tek høgde for at mange i lokalmiljøet i Fosnavåg kanskje vil seie at «han ikkje er vel bevart».

– Er det ikkje eit paradoks at det må offshore-pengar til for å kunne gjere ei slik fiskerisatsing?

– Det gjeld å hugse at eg henta pengane frå fiskeri då eg starta med offshore. Eg har vore fiskeskipper i 15 år og vil gi litt tilbake. Det er fiskerimiljøa som har bygd opp Fosnavåg. No er fiskerimiljøet i ferd med å ebbe ut. Viss ikkje eg, som har vore så lenge i fiskerinæringa, ser mulegheitene, kven skal då gjere det? Spør Stig Remøy.

SVEIN AAM
svein.aam@smp.no